

Nyheitsbrev




Goddo Grendalag

Utgåve nummer 1 Mai 2021

Her kommer eit lite informasjonsskriv frå Goddo Grendalag. Me ønsker med dette skrivet å dele litt informasjon utanom årsmøte. Informasjonsskrivet vil me prøve å gje ut etter kvart styremøte.

Styremøte 10.05.2021

Det nye styret vart konstituert og ser slik ut:



Ønsker du å ha kontakt med ein i styret så ser du over kven som innehar dei forskjellige rollene.

Saker som vart tatt opp:

- ✓ **Moglegheit for å gjennomføre ein form for 17.mai?**
 - Smittevernoverlege i kommunen har informert om at inntil 200 personar på arrangement utandørs går fint, så lenge ein passer på 1- meters regelen vis ein ikkje er i same kohort. Det var derfor bestemt at me arrangerer eit lite 17.mai arrangement for medlemmane i bygda.

- ✓ Oppsummering av året så langt
 - Grunna Covid 19 så har det vore lite utleige og derfor har det vore ganske stille på huset.
- ✓ Planen vidare
 - Medlemsområdet har fått høgste prioritering av styret. Det må være ferdig til bruk innan 2022.
 - Skal i møte med Bømlø Turlag med tanke på samarbeid om vedlikehald av alle turstiane som me har på Goddo.
 - Det må komme i stand dialog med Friluftsrådet Vest angående vedlikehald av brygge/kai fasilitetane ved Barmane. Det er behov for ein del reparasjonar før sesongen startar.
- ✓ Eventuelt
 - Det kom inn spørsmål om å montera inn ei ytterdør til herretoalettet for å gje turistar tilgang til toalett og dusj, utan om at huset måtte være opent. Det vart stemt ned. Hovudgrunnane til det er:
 - ◆ kostnaden med ei ny dør
 - ◆ utfordring med døra mellom gang og toalett
 - ◆ reinhald
 - ◆ styret ønsker å gjere medlemsområdet ferdig først.

17.mai

Me hadde ein liten og annleis 17.mai feiring i år. I år vart alle medlemmane invitert til ein annleis, med sosial 17.mai feiring på grendatunet. Me var totalt 32 stk, frå små til godt vaksne. Det var grilling, lekar og litt is. Alt i god smitteverns ånd med egne bord pr. kohort. Dagen vart ein suksess med eit avslutnings tog opp til Astrid, der ungane song for full hals



Møte med turlaget

Som nemnt på årsmøtet so skulle Grendalaget ha eit møte med Bømlø Turlag angående turstiane og dagsturhytta på Goddo. Møte vart heldt tysdag 18.mai. Det var eit interessant møte, der me fekk litt innsyn i korleis Bømlø Turlag er organisert og kva dei driver med. Turlaget har av kommunen fått ansvaret med å vedlikehalda Kurebu, det inneberer vask innvendig i Kurebu og toalettet, tilsyn med Kurebu og plassen generelt, og i vinterhalvåret skal dei fyre i omnen ca. 1 gang i månaden for å tørka ut Kurebu. Når det gjeld tilsyn med Kurebu, så ønsker turlaget fleire frå Goddo med på lista over personar som kan hjelpa med tilsyn av Kurebu. Dei har mange med (ca. 35 stk) så det er berre snakk om eit tilsyn i året, når det er så mange med.

Bømlø Turlag ønsker ikkje å overta turløypene til Goddo Grendalag, men dei ønsker å stille med dugnad- og kostnadshjelp med tanke på vedlikehald av turnettet. Det må gjerast ein del vedlikehald på turstiane og det må me få til med litt dugnad. Turlaget vil hjelpa oss, men det må være me (Goddo Grendalag) som organiserer og kallar inn til dugnad.

Dugnad

Det vil komma ut informasjon om vårdugnad om ei stund. Blant anna så har me fått eit tennisnett som skal opp.

Sosialt

Det er hockey i ballbingen stort sett kvar søndag kveld.

Vil damenes aften gjenoppstå??

Har du innspel til aktivitetar eller noko du vil dra i gang, nøl ikkje, ta kontakt i dag 😊

Eit lite innblikk i styrearbeidet til Goddo Grendalag 😊

Helsing

Styret